

Forvaltingsplan for hjort i Ulstein kommune 2013-2016

Målsetjingar og rammer



18.07.2013

Innleiing

15.02.2012 tredje Forskrift om forvaltning av hjortevilt i kraft. Det nye lovverket understrekar kommunen sitt ansvar for å vedta målsetjingar for utviklinga av hjortebestanden, i § 3 står det:

"Kommunen skal vedta målsettinger for utviklingen av bestandene av elg, hjort, og rådyr der det er åpnet for jakt på arten(e).

Målene skal blant annet ta hensyn til opplysninger om beitegrunnlag, bestandsutvikling, skader på jord- og skogbruk og omfanget av viltulykker på veg og bane. "

Forvaltninga skal vere basert på fag- og lokalkunnskap. Det har difor vore viktig å systematisere den kunnskapen som allereie er innsamla i kommunen. Ein ser og at det er trong for å arbeide meir med innsamling av data. Registrering av sett hjort under jakta vert framheva som det beste verkemiddelet for å skaffe kunnskap om bestandane. Det må på plass ei betre rutine for bruk av sett hjort skjema.

Vidare har det også vore viktig å få fram ei klarare fordeling av ansvar mellom privataktørar, kommuneadministrasjon og viltnemnd. Ulstein kommune er framleis prega av mange små vald, som får årlege fellingsløyve. Med lovendringane i 2012 vart det sett arealkrav til jakt etter bestandsplan. Dette fører til at to av dei fem valda som allreie hadde jakta etter bestandsplan vart fråteke moglegheita til å halde fram med dette. Eit av dei store utfordringane for kommunen vil vere å få til ei anna organisering av jakta, der grunneigarane har større påverknad.

Det har vore eit mål å utforme ein plan som kan kome til nytte for valda. Planen inneheld difor kalender for viktige datoar, oppsett for utarbeiding av bestandsplan med meir. I 2012 kom det endringar av fleire føreskrifter som regulerar tilhøve knytt til hjortejakt. Det har difor vorte lagt vekt på å få fram dei viktigaste endringane i denne planen.

Innhald

Innleiing.....	2
1. Planprosessen.....	4
2. Hjortebestanden i Ulstein kommune	4
2.1 Naturbase.....	4
2.2. Vårteljing.....	5
2.4. Slaktevekt.....	6
2.5. Felling.....	7
2.6. Fallvilt og skadedyr.....	9
3. Tilrådingar for bestandsutvikling	9
4. Fordeling av ansvar og oppgåver i forvaltinga.....	10
4.1. Grunneigarane	10
4.2. Valdsansvarleg.....	10
4.3. Jegerane	10
4.4. Kommunen og viltnemnda.....	11
4.5. Viltfondet.....	11
5. Bestandsplanar.....	11
5.1. Innhald i ein bestandsplan.....	11
5.2. Kva er dei med jaktrett sitt ansvar?	13
5.3.Kva er kommunen/viltnemnda sitt ansvar?.....	13
6. Hjorten som skadedyr	13
7. Målsetjingar og tiltak.....	14
8. Viktige datoar i samband med hjortejakta.....	15

1. Planprosessen

Utkast til forvaltingsplanen vart skriva ved Søre Sunnmøre Landbrukskontor. Viltnemnda i Ulstein drøfta utkastet og gjorde vedtak om å sende det på høyring. Høyringspartane var: valda i Ulstein, kommunane i Søre Sunnmøre Hjorteviltutval, Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Møre og Romsdal fylkeskommune, Ulstein og Hareid JFF, Hareid, Ulstein, Herøy og Sande bonde- og småbrukarlag, Vestre Sunnmøre bondelag og Møre og Romsdal turistforening. Herøy, Hareid og Sande kommunen handsama planen, men hadde ingen merknadar. Ørsta kommune si uttale til høyringa vart drøfta i møte i Viltnemnda 10.04.2013, og det nemnda fann relevant vart teke med i planen .

2. Hjortebestanden i Ulstein kommune

Generelt er bestanden av hjort på Søre Sunnmøre rekna for å vere tett samanlikna med andre delar av Norge (Meisingset m.fl., 2008). Ulstein og Hareid kommune er geografisk sett same øya. Viltkartleggingane på 1980-talet viste mange trekkruter for hjort på tvers av kommunegrensa. Det er difor rimeleg å anta at hjortebestanden delvis er felles for dei to kommunane. I eit langsiktig perspektiv kan det difor vere aktuelt å sjå på eit samarbeid med tanke på ein felles forvaltingsplan for dei to kommunane.

2.1 Naturbase

Naturbase er Direktoratet for naturforvaltning si digitale løysing for informasjon om naturtypar og artar. Opplysingane om Ulstein kommune sin hjortebestand i Naturbase er basert på viltundersøkingane på 1980-talet. Tabellen på neste side gjev eit oversyn over dei registrerte opplysingane.


Trekkrutene og beiteområda er illustrert i kart (Vedlegg 1). I vinterbeitekartlegginga som Bioforsk utførte på Søre Sunnmøre er heile området Ringstaddalen-Eiksund omtala som eit viktig beiteområde. Undersøkinga omfatta nokre lyngplantar, lauvtre, gran og furu. Hjorten si beiting vart rekna for å ha låg til middels påverknad i området (Meisingset m.fl., 2008).

Det største vinterbeiteområdet på Hareidslandet er området frå Eiksund i Ulstein kommune til Alme i Hareid kommune. Storparten av området ligg i Hareid kommune. Området er delvis samanfallande med Alstranda naturreservat. Alstranda er verna grunna edellauvskogen. I forvaltningsplanen for naturreservatet heiter det at Alstranda er eit vinterbeiteområde som er særst viktig i regional samanheng. Planen tilrår at hjortebestanden i området vert redusert for å hindre beiting på ungtre og for å unngå gnaging på trea. Rådet er gjeve i samband med at hjorten vert sett på som ein trussel mot verneformålet.

Registrete data om hjort i Ulstein frå Naturbase	
Trekkveg vår/sommar	Jøsok(HØ)-Måløya-Eika
Trekkveg vår/sommar	Leikong (HØ)- Aurnes
Trekkveg vår/sommar	Brandal (H)- Ytreflødalen
Trekkveg vår/sommar	Midtflødalen - Ytreflødalen (aust av fjella)
Trekkveg vår/sommar	Indredalen (H)- Brørevatnet-Midtflødalen
Trekkveg vår/sommar	Ytredalen (H) - Ytrefløvatnet
Trekkveg vår/sommar	Litlevatnet - Kiberget
Trekkveg vår/sommar	Ulsteindalen-Skeidshornet-kom.grense (H)
Trekkveg vår/sommar	Hareidseidet (sør-nord)
Trekkveg vår/sommar	Gardnestua - Gardnes
Trekkveg vår/sommar	Mork (H)- Hammarstøylvatnet - Fjelle
Trekkveg vår/sommar	Almestranda (H) - Ringstaddalen
Trekkveg vår/sommar	Rjåneset (Ø) - Vartdalfjorden - Eiksund
Beiteområde vinter (886,9 daa)	Dimna
Beiteområde vinter (2056,6 daa)	Midtflødalen - Ytreflødalen (vest av fjella)
Beiteområde vinter (454,7 daa)	Selvåg/Aurnes
Beiteområde vinter (619,1 daa)	Ytreflødalen-Skolmaura
Beiteområde vinter (1398,5 daa)	Eiksund-Alstranda*
Beiteområde vinter (1093,8 daa)	Ulsteindalen
Beiteområde vinter (681,4 daa)	Garnes
Beiteområde vinter (514,1 daa)	Eika (søraust)
Merknadar: H = Hareid HØ=Herøy Ø=Ørsta	
*Beiteområdet omfattar også 4176 daa i Hareid kommune	

2.2. Vårteljing

Kvart år sidan 1999 har det vore gjennomført vårteljing av hjort på innmark i Ulstein kommune. Det vert telt hjort på nattetid to dagar i april/mai. Gjennomsnittstala frå vårteljinga har variert frå 52 til 146 dyr. Vårteljinga gjev berre eit samla oversyn over talet på dyr, og fortel ikkje noko om fordelinga på kjønn og alder mellom dyra eller om varierende tettleik i kommunen. Figur 1 viser talet på løyver som er gjeve i kommunen, talet på felte dyr og gjennomsnittleg tal frå dei 2 dagane i vårteljing i perioden 1999-2011.



Figur 1: Tildeling, felling og gjennomsnitt av telte dyr i vårteljinga 1999-2011

2.3 Sett hjort skjema

Fordelane med talmateriale frå sett hjort skjema framfor vårteljingane er at desse seier noko om tettleiken og aldersstrukturen til bestanden. Viltnemnda i Ulstein vedtok allereie i 2002 at alle skulle levere sett hjort skjema. På trass av dette har både talet på innleverte skjema og kvaliteten på utfyllinga vore varierende. For å stimulere til auka bruk vart det i 2012 gjort vedtak om at vald som leverer sett hjort skjema frå alle jaktfelt, under nokre vilkår, kunne få ein refusjon tilsvarande 30% av fellingsavgifta.

Sett hjort skjema skal fyllast ut for kvart jaktfelt slik at ein ideelt sett skal få eit skjema frå kvart jaktfelt. Hausten 2012 vart det meldt inn jaktleiarar for 29 jaktfelt i Ulstein kommune. I 2011, med den same valdsstrukturen som i 2012, vart det berre levert inn 10 skjema med sett hjort observasjonar som hadde ein kvalitet god nok til at det var mogleg å registrere opplysingar i Hjorteviltregisteret. Om ein legg til grunn at det vert levert eit skjema frå kvart jaktfelt vil dette bety at under 1/3 av jaktfelta får registrert sett hjort. Grunna det særst avgrensa talmateriale er kvaliteten på dataa som kjem frå sett hjort observasjonar truleg ikkje representative for kommunen.


Hausten 2012 vert det utarbeidd ei digital løysing for registrering av sett hjort i Hjorteviltregisteret. Det er mogleg at etablering av ei slik ordning kan gjere det lettare å registrere sett hjort. Kvar jeger, eller ein utvald person i valdet, kan registrere dyra digitalt undervegs i jakta. Ein vil då sleppe å fylle ut papirskjema som kommunen sidan må registrere.

2.4. Slaktevekt


Slaktevekta på dei felte dyra kan seie noko om kondisjonen som dyra er i. Det har vore gjort fleire vedtak i viltnemnda på at slaktevekt skal verte rapportert. Rutinane for denne rapporteringa er heller ikkje innarbeidd hjå alle valda, og lite har vore gjort for å hente ut kunnskap frå dei tala som faktisk er levert. Med bruk av Hjorteviltregisteret håper ein at det i framtida vil verte enklare å systematisere og bruke slaktevektsdata.

2.5. Felling

Talet på tildelte løyve i kommunen har sidan 2002 vore på om lag 150 dyr per år, medan talet på felte dyr har vore på om lag 100 dyr i den same perioden. Før dette var både talet på løyver og felte dyr meir variabelt. Figur 2 viser talet på tildelte løyve og talet på felte dyr i perioden 1987-2011. For at ein skal kunne gjennomføre ei målretta forvaltning bør fellingsprosenten vere på minimum 85% (Meisingset, 2008). Fellingsprosenten i Ulstein kommune har ikkje vore så høg i perioden 1986-2011. Figur 3 viser fellingsprosenten i kommunen i perioden 1987-2011. Når fellingsprosenten vert låg vil ikkje tiltaka som vert sett i gong gjennom målretta forvaltning ha god nok effekt. I nokre av dei minste valda ser ein at det år etter år ikkje har vore felt dyr.




Figur 2: Talet på løyver og felte dyr 1986-2011




Figur 3: Fellingsprosent i Ulstein 1987-2011

Figur 4 viser den prosentvise fordelingane av felte dyr i dei ulike kategoriane. Uttaket av kalv har lege i området 20-30% i mange år, medan uttaket av eldre dyr er nærmare 50%. Felling av ungdyr har vore noko variabel, men har sidan 2000 lege på om lag 25%, med unntak av i 2003 då ungdyr utgjorde heile 37% av dei felte dyra. Når det gjeld kjønnsbalanse har det i gjennomsnitt vore felt 54% hanndyr og 46% hodyr i perioden 2000-2011(Figur 5). Før den tid var fellingsprosenten for hanndyr i mange år vesentleg høgare.



Figur 4: Delen av kalv, kulle, bukk, yngre og eldre dyr som er felt i Ulstein 1986-2011.



Figur 5: Prosentvis fordeling mellom felte ho- og hanndyr.

2.6. Fallvilt og skadedyr

Jaktåret 2008/2009: 4 dyr drepen i trafikken

Jaktåret 2009/2010: 3 dyr med årsak anna (ikkje drepen i trafikk)

Jaktåret 2010/2011: 1 påkøyrt dyr, 2 dyr ved anna årsak

Jaktåret 2011/2012: 1 drepen i trafikk, 3 med anna årsak

Kvart år vert det sendt rapport til SSB om fallvilt. Med etablering av Hjorteviltregisteret er det høve til å registrere alle dyr, både av hjort og andre artar, som vert skada eller døyr, i trafikk eller av andre grunnar. Ein håper at dette systemet vil gjere at ein etter kvart kan hente ut meir kunnskap om fallviltet.

3. Tilrådingar for bestandsutvikling

Uttak av dyr gjennom jakt er eit av dei største påverknadane på samansettinga av hjortebestanden. Fleire stadar i Noreg har ein i dag tette bestandar av hjort. Dyra er ofte små og dårleg kondisjon gjer at ein redusert del av ungdolla får kalv. Denne trenden kan verte forsterka gjennom uttak av dei store og eldre dyra gjennom jakt.

På lang sikt vil ein bestand med ei god kjønnsfordeling og store dyr vere attraktivt både med tanke på utvikling av bestanden og utøving av jakt. Utfordringa med dette er at det vil krevje ei avskyting av ein større del av yngre dyr og uttak av dei minste dyra i kvar årsklasse. Tilrådinga for forholdet mellom kolle og bukk skal vere slik at ein for kvar sett bukk skal sjå 1,5 til 2 koller, der dette vert målt ut frå sett hjort observasjonar. Vidare bør ikkje uttaket av hanndyr vere større enn om lag 50% (Meisingset, 2008). Meisingset tilrår vidare eit uttak på 25-30% kalv, 30-35% yngre dyr og like mange dyr av kvart kjønn i uttaket av alle årsklassar, om bestanden har ei god kjønnsfordeling i utgangspunktet.

Samanliknar ein dette med den reelle fellinga som har vore i Ulstein kommune ser ein at uttaket av eldre dyr og av hanndyr er noko høgt. Med bakgrunn i dette kan det vere ønskjeleg å dreie den framtidige avskyting over på færre eldre dyr og meir ungdya. I praksis er det uttaket av yngre koller som er mest utfordrande, då det ikkje alltid er råd å skilje ei yngre kolle frå ei eldre kolle. Med ny lovgjeving i 2012 vart spissbukk gjeve som eigen kategori ved tildeling etter målretta avskyting. Ved jakt etter bestandsplan skal ein også planlegge uttaket av dyr ut frå dyra sin alder. Dette kan nyttast som eit verkemiddel for å auke uttaket av ungdya.

Uttak i dei yngste klassane av dyr er og tilrådeleg der ein har manglande kunnskap om bestandsutviklinga. Eit stort uttak av dei yngste dyra fører til at det vert teke ut få produksjonsdyr som hindrar bestanden i å verte redusert, men vil og hindre ei store auke i bestanden då det vert rekruttert færre produksjonsdyr (Norges skogeierforbund m.fl., 2003).

4. Fordeling av ansvar og oppgåver i forvaltinga

Det er fleire aktørar som har oppgåver og ansvar innan hjorteforvaltinga. Dei viktigaste aktørane er grunneigarar, jegerar, viltnemnda og kommuneadministrasjonen.

4.1. Grunneigarane

Grunneigarane er dei som sit med jaktretten. Grunneigarsamarbeid er grunnlaget for danning av vald. Ein veit at grunneigarsamarbeid er krevjande, då det er mange meiningar og faktorar som ein må ta omsyn til. Grunneigarane har moglegheit til å forvalte hjorten i sitt område gjennom organisering av jakt etter bestandsplan. Etter regelendringar i 2012 er det høve for fleire vald å samarbeide om ein bestandsplan, utan at ein treng å opprette nytt vald. Med den strukturen som er på valda i Ulstein kommune i dag er dette ei løysing som kan vere aktuell. Grunneigarane bestemmer også korleis ein skal organisere jakta innan for valdet sine grenser og korleis verdien av viltet skal verte utnytta. I andre områder av landet ser ein ei satsing på sal/utleige av jakt. Dette kan vere ei inntektskjelde for grunneigarane, men potensialet er det ein kjenner lite utnytta i kommunen.

4.2. Valdsansvarleg

Den valdsansvarlege er grunneigarane sin representant overfor kommunen, og er den som mottek fellingsløyve og all informasjon som går ut til valda. Den valdsansvarlege er pålagt fleire plikter gjennom nasjonalt lovverk og gjennom vedtak gjort i viltnemnda. Forutan å ha ansvar for fellingsrapporten, innmelding av jaktleiarar og andre lokalt pålagte innrapporteringar, har valdsansvarleg plikt til å melde frå til kommunen innan 1.april om endringar i valdet sine eigedomsforhold og grenser. Dømer på slike endringar kan vere omregulering av areal til bustadføremål, som vil hindre jaktutøving i eit område, skifte av eigar og særskilt endringar knytt til kva eigedommar som inngår i valdet. Informasjonen som vert sendt ut frå kommunen går til den valdsansvarlege, som må syte føre at informasjonen vert kjent hjå grunneigarar og jegerar.

4.3. Jegerane

Jegeren er den som til slutt set hjorteforvaltinga ut i livet gjennom å velje kva dyr som skal verte felt. Kvar enkelt jeger er sjølv ansvarleg for å gjennomføre jakta på ein sikker og human måte, i tråd med gjeldande regelverk.

4.4. Kommunen og viltnemnda

Ulstein kommune er organisert med ei folkevald viltnemnd og Søre Sunnmøre Landbrukskontor er sekretær for nemnda. Viltnemnda sine oppgåver er mellom anna å fatte vedtak. Viltnemnda sine medlemmer utfører også kontroll av felte hjort, vårteljingar og bidreg i andre viltrelaterte høver, t.d. i samband med jegerprøveeksamen og undersøking av fallvilt. Administrasjonen på landbrukskontoret har mellom anna ansvar for å gjere saksførebuingar for viltnemnda, gjennomføre og følgje opp vedtak som er gjort i nemnda, registrere opplysingar i Hjorteviltregisteret og å informere.

4.5. Viltfondet

Kommunane er pålagt å ha eit viltfond, som jamført føreskrift er øyremerkte midlar som skal gå til å fremje viltforvaltinga og kunnskap om viltet. Fellingsavgifta som kommunen krev inn er hovudinntektskjelda til viltfondet. Viltfondet vert nytta til å dekke kommunen sine kostnader i samband med fallvilt og kommunale ettersøk. Det er høve til å søke om støtte frå viltfondet i samband med grunneigarorganisering, førebygging av skader i landbruket eller tiltak som skal fremje forvalting og kunnskap om vilt.

5. Bestandsplanar

Ved å jakte etter bestandsplan kan grunneigarane i større grad påverke forvaltinga. Gjennom bestandsplanen legg grunneigarane føringar for korleis ein vil forvalte hjorten i eit område. Det må vere rom for at ulike vald har ulike målsetjingar for bestanden i sitt område.

5.1. Innhald i ein bestandsplan

1. Målsetjing

Målsetjingane må vere i samsvar med kommunen sine overordna mål.

Kva er målsetjinga med planen?

Korleis skal ein oppnå denne målsetjing?

Døme:

Målsetjing: Å få fleire store bukkar.

Tiltak: Skyte meir spissbuk og kalv, frede alle bukkar med meir enn 4 taggar.

2. Bestandsutvikling

Ei skildring av bestanden som er i valdet/bestandsplanområdet og eventuelle endringar i denne.

Døme:

Kva veit ein om endringar i bestanden?

Er det særskilde trekkruiter som hjorten nyttar?

Er det områder som er særskilt attraktive for hjorten?

3. Plan for årleg avskyting

Ein plan for kor mange dyr valdet/bestandsplanområdet skal felle, fordelt på kjønn og alder.

Talet på dyr	År 1	År 2	År 3	I alt
Bukk				
Kolle				
Kalv				
I alt				

Prosentfordeling	Hanndyr	Hodyr	Kalv	Yngre dyr	Eldre dyr
	%	%	%	%	%

Den avskytinga ein planlegg må vere i samsvar med målsetjinga og tiltaka. For eit bestandsplanområde må ein i tillegg ha ein plan for korleis dyra skal verte fordelt mellom valda.

4. Vurdering av førre plan

Om valdet/bestandsplanområdet har hatt ein bestandsplan tidlegare bør ein vurdere korleis denne har verka.

Døme:

Har ein oppnådd målsetjingane?

Kvifor har ein/ har ein ikkje oppnådd dei?

Kva må ein gjere annleis for å unngå at dei same problema oppstår?

Kva har fungert godt i førre planperiode?

5. Eigeomsliste og kart

Liste over dei gards- og bruksnummera som inngår i valdet/bestandsplanområdet.

Eit oversiktskart som viser grensene til valdet.

5.2. Kva er dei med jaktrett sitt ansvar?

Utarbeide planen

Følgje opp målsetjingane i planen.

Utarbeide reglar for valdet

Korleis ein skal handtere ulik tettleik med hjort i valdet?

Korleis førebygge at hjorten gjer skade?

Kva tiltak som må til for å få felt alle dyra?

Korleis kjøtt skal verte fordelt?

Korleis skal ein organisere jakta?

5.3. Kva er kommunen/viltnemnda sitt ansvar?

Gjeve råd og rettleiing til grunneigarane om korleis dei kan gå fram for å organisere seg og utarbeide ein bestandsplan.

Behandle søknad om bestandsplan.

Evaluerer bestandsplanen.

Med lovendringar i 2012 vart det innført strengare reglar for jakt etter bestandsplan. Det er kome krav om at valdet/bestandsplanområdet må ha eit areal på minimum 20 gongar kommunen sitt minsteareal for å jakte etter bestandsplan. Kommunen/viltnemnda har ikkje lenger same høve til å gjere tildelingar som fråvik for regel om minsteareal. Det er også presisert at om eit vald/bestandsplanområde avviker meir enn 10% frå sin eigen plan for årleg avskyting har kommunen grunn til å trekke godkjenninga av planen. Desse reglane er ei klar innskjerping av lovverket. På den andre sida må ein sjå desse reglane i forhold til intensjonane i lovverket. Ein bestandsplan skal i utgangspunktet gjelde for ein heil bestand. Det vil seie for heile hjortebestanden sitt leveområde. Dette vil i svært mange høve bety ei stort område på tvers av fleire kommunegrenser. I ein slik samanheng vil til dømes eit 10% avvik tilsvare mange dyr.

6. Hjorten som skadedyr

Forutan å representere ei fare for trafikken kan hjorten gjere skade på skog og innmark. Ein kan berre felle hjort som skadedyr etter løyve frå myndigheita. Eit skadeløyve må ha heimel i naturmangfaldslova. Det vert i lovverket understreka at skadefelling av dyr berre skal skje unntaksvis. Det er vidare krav om at det er forsøkt andre tiltak for å avverje skade. Det er og eit krav at skadeomfanget er av vesentleg økonomisk betydning. I områder der hjorten gjer skade er det ekstra viktig at alle dei dyra som ein har løyve til å felle i ordinær jakt vert felt, og at ein ved intern fordeling i valdet prioriterar uttak av dyr i område med skadeproblematikk.

Tiltak som ein kan nytte for å førebygge skade:

1. Felle flest mogleg av dei dyra ein kan ta ut i ordinær jakt i område der hjorten gjer skade.
2. Inngjerding av rundballar
3. Inngjerding av dyrka mark
4. Oppretting og vedlikehald av beite/viltåker som er særskilt tilrettelagt for hjorten.

Ein kan søke støtte frå kommunen sitt viltfond til tiltak som førebygg skade på landbruket.

7. Målsetjingar og tiltak

Hovudmålsetjing:

Bestanden av hjort skal ha ei god alders- og kjønnsamansetting, og ein storleik som hindrar at det oppstår beiteskadar og trafikkskadar av omfang.

MÅLSETJING	TILTAK
Innsamling av data	
Få fleire til å levere sett hjort skjema	Refusjon av 30% fellingsavgift til vald som leverer sett-hjort skjema frå alle jaktfelt. Betre informasjon om betydninga av sett hjort skjema.
Få valda og jegerane til å ta i bruk portalane www.hjortevilt.no og www.hjorteviltregisteret.no	Opplysning til valdsansvarlege og jaktleiarar både skriftleg og gjennom møteaktivitet.
Organisering av jakta	
Få til ei organisering av bestandsplanområde for å fremje den grunneigarstyrte forvaltinga	Ta initiativ til konkrete samarbeid basert på noverande valdsstruktur. Få klarare fram fordelane med å jakte etter bestandsplan.
Bestandsutvikling	
Redusere uttaket av eldre dyr	Tildele forholdsvis meir yngre dyr og kalv ved målretta avskyting og godkjenning av bestandsplan. Delen av eldre dyr får ikkje overstige 40% ved tildeling av fellingsløyve. Ein viser til kap. 3 for meir informasjon om tilrådde bestandsmål.

8. Viktige datoar i samband med hjortejakta

Dato:	Kva:	Kven
1.mars	Framlegg om endring av minsteareal	Kven som helst
1.april	Melde frå om endring i eigedomsforhold og grenser	Valdsansvarleg
15.april	Fastsetting av minsteareal	Kommunen
1.mai	Søknad om godkjenning av nytt/endra vald	Valdsansvarleg
1.mai	Søknad om godkjenning av nytt/endra bestandsplanområde	Representant for bestandsplanområdet
15.juni	Frist for å godkjenne vald/bestandsplanområde og tildele fellingsløyve	Kommunen
1.september	Innmelding av jaktleiarar før eit kan starte jakta	Valdsansvarleg
10 dagar etter jaktslutt	Levere fellingsrapport, sett hjort skjema og slaktevevter	Valdsansvarleg

Då møtedatoane til viltnemnda varierar frå år til år ber ein om at det vert teke kontakt med Søre Sunnmøre Landbrukskontor angående frist for å levere søknad om ny bestandsplan.

Meir informasjon

På www.hjortevilt.no finn ein meir informasjon om jakt og forvaltning av hjort.

På www.hjorteviltregisteret.no kan ein finne statistikk over felling, tildeling og sett hjort.

Statistisk sentralbyrå har fellingsstatistikkar heilt tilbake til slutten av 1980 talet desse er tilgjengelege på www.ssb.no

Kjelder

Hjorteviltregisteret: www.hjorteviltregisteret.no

Mesingset, E., (2008) Alt om hjort, Oslo: Tun forlag

Meisingset, E., Brekkum & Ebbesvik, M. (2008) Kartlegging av beitestatus i vinterbeiteområder for hjort på Søre Sunnmøre, Bioforsk rapport 3 (70) 2008

Møre og Romsdal fylke, miljø- og arealavdelinga: Forvaltningsplan for Alstranda naturreservat i Ulstein/Hareid kommuner i Møre og Romsdal

Naturbase: <http://www.dirnat.no/kart/naturbase/>

Norges skogeierforbund, Norges Bondelag & Landbruksforlaget (2003) Målrettet hjorteforvaltning – betre ressursutnytting, Oslo: Landbruksforlaget

Statistisk sentralbyrå: www.ssb.no